

## Raskt handla langs riksvegen!

06.06.2009



Vegvesenet var snare med å gjera det finare etter seg på Fitjaflatene! Vegvesenet har ansvar for å stella rundt seg! Som vi andre! (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Kenneth Lyngskår i vegvesenet må vera ein mann med evne til å handla. Dagen etter å ha ringt til han om korleis folk reagerer på korleis kantslåttan vert utført, så er utføringsfirmaet og klypper på nytt. I Uskedalen har det i alle fall vorte mykje betre. Han lova å sjå på korleis oppgåva er utført ein gong i neste veke, men han handlar før det ved å få klyppar til Uskedalen med ein gong.**

Fint! Ein symbolsk blomestav til Kenneth Lyngskår og dei som har utført oppgåva!

Vegkontoret har kontrakt med eit firma om korleis arbeidet skal utførast. Først skal det vera ein førsteslått på 50-60 centimeter innfor vegbanen. Til hausten skal ein så koma igjen med ein kantslypp på 3-6 meter.

Lyngskår er samd i at det ser ikkje fint ut når bøndene klyppar enga si og vegvesenet klyppar 50-60 sentimetr, og så står skråkanten igjen.

No er skråkanten borte borte i Uskedalen sentrum og på Fitjaflatene. Einaste minuset er at ein nokre stader på Fitjaflatene skulle tøygd klypparen litt lengre ut.

Av og til nyttar det tydelegvis å snakka med det offentlege byråkratiet!!

Torfinn Myklebust